SPORT

Tips Strilen
Telefon: 56 34 30 30 • 97 15 10 20
E-post: sporten@strilen.no • Telefaks: 56 34 30 31

KLAR TIL START: Andreas Nergård (startnummer 50) er klar til start.

FLOTT VÊR: Gode forhold og gode prestasjonar i BKK-rennet.

SKIKLUBBEN: Andreas Nergård og Claus Sellevoll utgjorde Nordhordland skiklubb sitt lag til BKK-rennet på Bulken i helga.

Godt føre i BKK-rennet

Andreas Nergård og Claus Sellevoll gjorde det bra på Bulken.

I eitt strålande vintervær, og med ikkje altfor vanskelege smøreforhold, var det denne helga duka for BKK-rennet på Bulken. Nordhordland Skiklubb stilte med 2 deltakarar, Andreas Nergård i klassen gutar 10 år, og Claus Sellevoll i seniorklassen. Nergård gjekk ein kilometer klassisk, Sellevoll 15 km klassisk (fellesstart).

Begge gjorde strålande skirenn. Andreas held fram med å knappa innpå dei aller beste i gutar 10 år (ikkje rangering i denne klassen), medan Claus med sin 2. plass nok ein gong viste at han er blant dei aller beste i kretsen. Gratulerer med fantastisk innsats til begge to!

– Eg hadde kjempegode ski, svara Andreas då Claus lurte på om det sat bra med VM-klister toppa med lilla tørrvoks.

Rennet blei arrangert på Skjeldal, kring bøane på heimebana til den dobbelte olympiske meister, Kristen Skjeldal. Sjølv om ikkje Kristen var på startstreken søndag hadde arrangør Bulken IL likevel henta inn storfint besøk. I speakerbua sat nemleg den tidlegare kommentatoren i NRK radiosporten, Dag Lindebjerg. Lindebjerg var i storform, kommentarene sat laust då Claus passerte målområdet, ved passering ny runde. Lindebjerg var mektig imponert over at revyartisten faktisk kan matcha dei fleste av unggutta, og superlativa let ikkje venta på seg: «Fenomenalt og til inspirasjon for oss alle, sjølv om har begynt å bli grå i skjegget!», var meldinga frå Lindebjerg då Claus gjekk over mål til andreplass på 15-kilometeren.

Innsendt av
Nordhordland Skiklubb

• Screen
• Markiser
• Persienner
• Garasjeporter
• Vindussprosser
• Innvendig solskjerming

"Vi er best på pris og kvalitet"

Fasade® PRODUKTER

Ove Veberg tlf: 908 67 031
eller ring sentralbordet tlf: 800 80 488
www.fasadeprodukter.no